

MELAND KOMMUNE  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Kongsvinger, 4. oktober 2017  
Vår ref.: 17/92  
Avdeling for digitalisering og fellesfunksjoner

## Vedtak om tvangsmulkt: Ledige stillingar 3. kvartal 2017

Statistisk sentralbyrå (SSB) har vedteke å gi MELAND KOMMUNE tvangsmulkt fordi de ikkje har overhalde opplysningsplikta til Ledige stillingar 3. kvartal 2017.

Fristen for å sende inn opplysningar var 20. september 2017.

### **De må betale tvangsmulkt dersom de ikkje sender inn opplysningar**

Tvangsmulka er på 3147,- kroner. Sjølv om vi har vedteke å gi dykk tvangsmulkt, kan de framleis unngå å betale:

- ✓ Send inn opplysningane som manglar, så snart som mogleg og seinast innan 18. oktober 2017.
- ✓ Kontroller at de har sendt inn opplysningar om alle verksemdene vi har lista opp i vedlegget.
- ✓ Kontroller at de har kvittering for opplysningane de har sendt inn.

Sender de ikkje inn opplysningane innan den nye fristen, går saka vidare til Statens innkrevjingsentral, som krev inn mulkta. De må framleis sende inn opplysningane vi manglar, sjølv om de betaler tvangsmulka.

## De skal rapportere slik

De skal rapportere elektronisk via Altinn for 3. kvartal 2017 innan 18. oktober 2017:

- ✓ Forsikre deg om at du har riktig rolle som utfyllar/innsendar.
- ✓ Logg inn på [www.altinn.no](http://www.altinn.no) og gå til Min meldingsboks.
- ✓ Vel riktig aktør i boksen "Den eg representerer no. Vel aktør:"
  - ✓ Vel "Vis fleire" i nedtrekkslista «Den eg representerer no» for å få tilgjenge til verksemder.
  - ✓ Kryss av for "Vis også undereiningar (bedrifter)" i skjermbildet som kjem opp.
  - ✓ Vel den verksemda du skal rapportere for – meldingar og skjema ligg under verksemda.
- ✓ Fyll ut og send skjemaet, og få kvittering på at opplysningane er sende.

Problem med Altinn? Ta kontakt med Altinn brukarservice på telefon 75 00 60 00.

## Aktuelt regelverk

- plikt til å gi og rett til å hente inn opplysningar: statistikkloven § 2-2
- rett til å påleggje tvangsmulkt: statistikkloven § 2-3
- rett til å tvangsinndrive mulkt og krevje betaling for kostnader: tvangsfullbyrdesloven
- rett til å klage på eit vedtak: forvaltingsloven kapittel VI

Desse lovane finn de på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no).

## Meiner de at vedtaket er feil?

Meiner de at vedtaket om tvangsmulkt er feil, kan de klage innan tre veker rekna frå de tek imot vedtaket.

Det er Finansdepartementet som er klageinstans, men de sender klagen til Statistisk sentralbyrå, Seksjon for brukarkontakt, Postboks 1400 Rasta, 2225 Kongsvinger eller på e-post til [mulkt@ssb.no](mailto:mulkt@ssb.no). Klagen må innehalde disse punkta:

- ✓ namnet og organisasjonsnummeret til føretaket
- ✓ kva for undersøking det gjeld
- ✓ dokumentasjon på korfor de meiner de ikkje skal betale tvangsmulkt

SSB kan ettergi tvangsmulkt heilt eller delvis dersom de sender oss ein søknad. Føresetnaden er at det ligg føre særlege og dokumenterte årsaker.

## Har de spørsmål?

De kan ta kontakt med svartenesta vår på e-post [ledstill@ssb.no](mailto:ledstill@ssb.no) eller telefon 62 88 51 90 dersom noko er uklart eller de har spørsmål om vedtaket. Svartenesta er open kl. 09–15 alle kvardagar. Ha organisasjonsnummeret til føretaket klart, så kan vi hjelpe dykk raskare. For spørsmål om Altinn ta kontakt med brukarservice på telefon 75 00 60 00.

Med helsing

Christine Meyer  
administrerende direktør



Anne Sundvoll  
seksjonssjef

## Vedlegg: Oversikt over dei verksemdene som skal delta i undersøkinga

Vi manglar opplysningar om desse verksemdene:

<b>Org.nr.:</b>	<b>Namn/Avdeling:</b>	<b>Adresse:</b>
914408954	MELAND KOMMUNE ROSSLAND SFO	Skintveitvegen 11 5917 ROSSLAND
974586177	MELAND KOMMUNE PLAN UTBYGGING OG KOMMUNALTEKNIKK	5918 FREKHAUG